

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Spørsmål frå medlemane:

Olav Kvinge (H) ønskte ei orientering om fylkeskommunen var kjend med den byggetekniske tilstanden til Klosteret 17 der Hordaland kunstsenter har sitt virke, og om det evt. låg føre planar for vidare prosess. Konst. fylkesdirektør kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd orienterte. Administrasjonen vil følge opp med eit møte med styret i Klosteret 17, og kjem attende til utvalet med ei orientering.

Geir Kjell Andersland (V) ønskte ei orientering om status for Vestnorsk filmkommisjon. Fylkesdirektør regionalavdelinga, Bård Sandal orienterte.

Geir Kjell Andersland (V) ønskte ei orientering om sak om ny trase for 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk. Konst. fylkesdirektør kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd orienterte og viste også til notat frå fylkesrådmannen til utvalet dagesett 13.06.2017 delt ut i møte.

Delt ut i møte:

- Notat frå fylkesrådmannen til utvalet dagesett 13.06.2017
- Notat om fylkeskulturkonferansen 2017
- Notat om arkivkonferanse 5. – 7. september 2017, eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen Byarkiv og Interkommunalt arkiv i Hordaland
- Heftet Utviklingsplan for Hordaland,- Regional planstrategi 2016 – 2020.